



Til kommunane i Hordaland

Dato: 28.01.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/1058-3

## Dokumentasjon på grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege søkjarar som søker plass i vidaregåande opplæring

Hovudregelen er at for å bli vurdert som søkjar til vidaregåande opplæring er at ein skal kunne dokumentere:

- «Har gjennomgått allmenn grunnskuleopplæring i utlandet» Forskrift til opplæringslova §6-13 b
- «Har tilsvarende realkompetanse som fullført norsk grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova §4A-1 og denne forskrifta §4-33» Forskrift til opplæringslova § 6-13c.

I §6-13, 2.lekken står det vidare:

«Søkjarar som hevdar at dei har gjennomgått allmenn grunnskuleopplæring i utlandet etter bokstav b, må sjølve dokumentere dette eller grunngi at det er sannsynleg at han eller ho oppfyller vilkåret. Om fylkeskommunen finn at vilkåret ikkje er oppfylt, skal saka sendast til kommunen som avklara om søkjaren har tilsvarende realkompetanse etter bokstav c».

Vi viser vidare til siste lekken i same paragraf i inntaksforskrifta.

Ovannemnde retningslinjer vart innført i den nye inntaksforskrifta, gjeldande frå 3.september 2013.

Søknadsfristen for minoritetsspråkleg elevar, skuleåret 2014/15, er 3. februar 2014.

Etter kvart som søknadane blir behandla kan det oppstå tvil om at søkjarane oppfyller krava til grunnskulekompetanse. I slike høve blir søknaden, med eventuelle tilleggsdokument, sendt til den kommunen der søkjaren har folkeregistrert adresse. Det blir då kommunen si oppgåve og ansvar å realkompetansevurdere søkjaren ut frå reglane i §6-13 c.

Inntil eventuell realkompetanse blir vurdert blir søknaden ikkje behandla. Dersom kommunen finn at ein ikkje fyller krava, skal saka sendast tilbake til Hordaland fylkeskommune, Inntakskontoret, slik at vi kan gje vidare melding til søkjaren.

For vår del vil vi prøve å gjere vurderinga om godkjent grunnskuleopplæring så snart det er praktisk mogleg, men det kan likevel gå noko tid før vi kjem gjennom alle søknadane der grunnskuleopplæring er usikker. Uansett vil gjennomgangen vere ferdig før påske 2014.

Tilbakemelding frå kommunane som får slike saker må vere seinast 15.juni for at søknaden skal bli aktivisert før 1.inntaksomgang i byrjinga av juli.

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*